



Arne Johannes og Edith får velfortent utmerking. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arne Johannes Haugland i Uskedalen er ein av fem mjølkeprodusentar i Kvinnherad som i år får sølvtina av Tine Meieriet Vest for å ha levert førsteklasses mjølk i 15 år på rad.



Arne Johannes kjem med bølingen til kvelds..(Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei 5 utgjer 5 prosent av alle i landet som får denne hederen i år. Til saman 111 får sølvtime.

Dei andre kvinnheringene er Lars Johan Næs, Jon Seberg, Hans G. Tufta og Jacob Ljostveit. I slutten av april er dei invitert til Tine sitt landsmøte i Oslo for å ta imot den gjeve prisen.

For å bli klassifisert som elitemjølke må mjølka tilfredsstillast visse krav, til dømes til bakterieinnhald, celletal, lukt og smak. Årleg kontroll av mjølkeanlegget, hygiene, vasskvalitet og høg nok temperatur på vatnet som nyttast til reingjøring er andre avgjerandefaktorar.

Distriktssjef for Tine Kjartan Nyhamar seier til Grenda at det som kjenneteiknar bønder som får slike utmerkingar er nøye arbeid i alle ledd av gardsdrifta og ekstra omsorg og hjarte for dyra.

Arne Johannes og Edith har plass til 17 mjølkekyr i det moderne fjøset. Han overtok Vette Haugland 1. januar 1992. Bruket har vel 80 mål dyrka jord og paktar like mykje. Arne Johannes har sjølv dyrka opp 20 mål og 13 mål hos naboen Thomas Eide, som han også paktar.

Saman med familien har han etter kvart også utvikla ein imponerende maskinpark under firmanamnet Haugland Maskin og Uskedalsposten brukte overskrifta "Vette Haugland - småbruk med stordrift" for to år sidan..

Av Ola Matti Mathisen